

---

**Fra:** Anders <andehau5@online.no>  
**Sendt:** 30. juni 2016 10:27  
**Til:** Marit Nedreli  
**Kopi:** osteroymuseum@muho.no  
**Emne:** SV: 16/13006 Hauge - gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå Oddalsmyra næringsområde gnr. 4, bnr. 120 og 122 til kommunale leidningar på gnr. 4, bnr. 2

Hei,har motteke e-post som visar at kommunen har stoppa legging av kloakkleidning over elva mi kloss ved ei verna steinbru . Den brua er antakeleg den eldste brua som er på Hauge i dag ( i følgje Agnar vevle kan ho vera frå før 1800 talet.)og eg har alltid passa på at ho ikkje skulle bli øydelagt i mi tid. Difor var eg nøye med at dei ikkje måtte forandre på elveløpet rett framfor brua. Då eg tok meg ein tur ned på Søndag fekk eg sjokk ,då hadde dei fyllt elveløpet rett framfor brua med betong og heva elvebunnen ca 50cm med betong. Det kan resultera i at ved flaum skyller vatnet over brua og øydelegg brua. Difor vil eg med dette ha fjerna betongen som hevar elvebunnen. Eg hadde sjølv eit forslag til Osterøy Entreprenør om at dei gjekk over elva lenger oppe for å unngå og gå over ved brua, men det ville han ikkje gå med på. Visst det var slik at høgdene ikkje stemmde måtte dei i det minste teke kontakt med grunneigar og kommunen i staden for å berre fylla elva med betong. Det var nok ein grunn til at dei la brua akkurat der for eit par hundre år sidan og difor har ho overlevd alle flaumar til no.

MVH.Anders Hauge  
5281 Valestrandsfossen  
Mob.90949904

---

**Fra:** Marit Nedreli [<mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no>]  
**Sendt:** 28. juni 2016 15:50  
**Til:** [andehau5@online.no](mailto:andehau5@online.no)  
**Emne:** 16/13006 Hauge - gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå Oddalsmyra næringsområde gnr. 4, bnr. 120 og 122 til kommunale leidningar på gnr. 4, bnr. 2

Sjå vedlegg

**Med venleg helsing**

**Marit Nedreli**  
**Rådgjevar**



T / 56 19 21 00

E / [post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)

E / [Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no](mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no)

W / [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

[Sjå vår brosjyre](#)

Osterøy kommune – Rådhuset - Hatland - 5282 Lonevåg - Org. nr.: 864 338 712